



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Våge, Hilde-Lill	Arkivkode: FE - 140, TI - &30
Arkivsaksnr: 18/268	Løpenr: 18/3143
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	12.04.2018	013/2018
Kommunestyret	26.04.2018	012/2018

Oppstart av arbeid med kommunal planstrategi for Samnanger kommune 2018-21

26.04.2018 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

KS- 012/2018 Vedtak:

Samnanger kommune startar opp arbeidet med kommunal planstrategi for 2018 – 2021.

Formannskapet vert styringsgruppe og leiारforum vert arbeidsgruppe. Planleggjar vert ansvarleg for planarbeidet.

Endeleg planstrategi skal handsamast av kommunestyret i november 2018.

12.04.2018 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Øyvind Strømmen (Mdg) spurde om sak om oppstart av arbeidet med kommunal strategi skal handsamast i kommunestyret. Assisterande rådmann Hilde-Lill Våge orienterte om at administrasjonen ikkje har lagt opp til dette, men at formannskapet sjølv sagt kan velja å leggja saka fram for kommunestyret.

Øyvind Strømmen foreslo at kommunestyret handsamar saka, og at formannskapet gir innstilling til kommunestyret. Formannskapet slutta seg til dette.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FORM- 013/2018 Vedtak:

Samnanger kommune startar opp arbeidet med kommunal planstrategi for 2018 – 2021. Formannskapet vert styringsgruppe og leiarforum vert arbeidsgruppe. Planleggjar vert ansvarleg for planarbeidet.

Endeleg planstrategi skal handsamast av kommunestyret i november 2018.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune startar opp arbeidet med kommunal planstrategi for 2018 – 2021. Formannskapet vert styringsgruppe og leiarforum vert arbeidsgruppe. Planleggjar vert ansvarleg for planarbeidet.

Endeleg planstrategi skal handsamast av kommunestyret i november 2018.

Dokument som er vedlagt:

Utviklingstrekk i Hordaland - Kunnskapsgrunnlag for regional planstrategi 2016-2020 (L)(128675)
kommunal planstrategi Samnanger kommune.pdf (L)(50918)

Dokument som ikkje er vedlagt:

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/md/dok/veiledninger/2011/kommunal-planstrategi.html?id=652436>
<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nasjonale-forventninger-til-regional-og-kommunal-planlegging/id2416682/>
<http://statistikk.ivist.no/hf/>

Kva saka gjeld: Oppstart av arbeid med kommunal planstrategi for 2018-21

Bakgrunn for saka:

I følge Plan- og bygningslova §10-1 skal kommunestyret seinast innan eitt år etter konstituering utarbeida og vedta ein kommunal planstrategi. Føremålet med ein kommunal planstrategi er i hovudsak å få ein oversikt over kva utfordringar kommunen har som krev planar og gjera ei prioritering av kommunen sitt planbehov i valperioden. Kommunen sitt plansystem skal evaluerast, og dette er ein del av internkontrollsystemet.

Dette inkluderer og ei vurdering av erfaringar med gjeldande samfunnsdel og arealdel til kommuneplanen. Arbeidet med planstrategien erstattar tidlegare krav i PBL 1985 om obligatorisk rullering av kommuneplanen. Planstrategien kan og brukast til å drøfta kommunen sine strategiske vegval innan samfunnsutvikling. Andre temaplanar og reglement kan og inngå i planen for og å få desse sett i system.

Vakanse ved rådmannskontoret og omfattande arbeid med arealdelen av kommuneplanen har gjort at det har ikkje vore kapasitet til å starte arbeidet med planstrategien tidlegare. Arealdelen vart vedteken i desember 2017.

Formannskapet bør difor no starta opp arbeidet og definera ei styringsgruppe og ei arbeidsgruppe. Miljøverndepartementet sin rettleiar til kommunal planstrategi finn ein på følgjande lenkje:

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/md/dok/veiledninger/2011/kommunal-planstrategi.html?id=652436>

Vurderingar og konsekvensar:

Planstrategien skal gje styring og prioritering på kva som er viktige planar, framtidig planbehov og som igjen sikrar ei systematisk evaluering og god internkontroll.

Planstrategi

Planstrategidokumentet kan ha diskusjon om langsiktig arealbruk, miljøutfordringar, sektorane si verksemd og vurdering av kommunen sitt planbehov. Når ein diskuterer desse tema kan det vera interessant å sjå på befolkningsutvikling og samansetjing, levekår og folkehelse, næringsliv og sysselsetting, bustadbygging, transport og infrastruktur, kommunal tenesteyting og forvaltning. Mange ulike parametrar er oversiktleg tilgjengeleg på Hordaland Fylkeskommune si nettside: <http://statistikk.ivist.no/hf/>. "Hordaland i tal" er òg ei aktuell kjelde til informasjon. Me har og eit eige analyseverktøy –FRAMSIKT/KOSTRA, som kan gje oss informasjon.

Kommunen skal i arbeidet med kommunal planstrategi henta inn synspunkt frå statlege og regionale organ og nabokommunar. Det må diskuterast korleis dette skal gjennomførast. Ordninga med "Regionalt planforum" har ikkje kapasitet til at alle kommunane i Hordaland køyrer sin planstrategi gjennom dette forumet, men Fylkeskommunen har opna for at dei som ynskjer det kan melda si interesse.

Aktuelle styresmakter må få reelt høve til å fremja sine syn på kommunale planavklaringar, men det kan ikkje fremjast motsegn mot planstrategien.

Hordaland fylkeskommune har kome med generelle synspunkt til kommunale planstrategiar, dette dokumentet er vedlagt. Det vert vist til dei nasjonale forventningane til regional og kommunal planlegging (<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nasjonale-forventninger-til-regional-og-kommunal-planlegging/id2416682/>).

Dei nasjonale forventningane omhandlar tema som ein også kan ha med seg inn i arbeidet med planstrategien:

- Berekraftig utvikling – og samfunnsutvikling
 - Klima og sikkert samfunn
 - Aktiv forvaltning av natur- og kulturminneverdiar
 - Framtidsretta næringsutvikling, innovasjon og kompetanse
- Attraktive og klimavennlege by- og tettstadsområde
 - Samordna bustad-, areal og transportplanlegging
 - Eit framtidsretta og miljøvenleg transportsystem
 - Levande by og tettstadssenter
 - Helse og trivsel

Det endelege dokumentet kan ha ei kortfatta form. Det skal ha fokus på lokalt tilpassa planlegging etter behov, og ikkje vera meir omfattande enn naudsynt. Dette arbeidet er ikkje ein arena for å ta stilling til mål og strategiar, men for å drøfta utviklingstrekk i kommunen for å vurdere planbehovet. Planstrategien blir retningsgjevande for kommunen si planlegging og har ikkje direkte rettsverknad for innbyggjarane. Det er ikkje anbefalt å leggja opp til ein veldig brei medverknad frå publikum, då dette kan stela mykje av engasjementet frå det påfølgjande arbeidet med kommuneplanen. Minimumskravet er at dokumentet skal gjerast offentleg kjent min. 30 dagar før endeleg vedtak i kommunestyret.

Oversikt over planar og prioritering

Samnanger har ei rekkje planar og reglement som treng rullerast. For å kome i rute er det viktig å få ei meir systematisk og politisk styring med kva planoppgåver som er viktige for kommunen dei komande 4 åra. Målet må vera å utarbeide kommunal planstrategi innan første året i valperioden. Det er også eit mål å få til betre samordning og samhandling mellom kommunen og interkommunale og regionale planbehov.

Det må gjerast ein gjennomgang og vurdering av eksisterande planar. Kva for nokre skal vidareførast, kva for nokre skal opphevast? Tabellen under listar eksisterande planar, der det også er føreteke ei vurdering av status på planen i høve til dei utfordringane som ein ser i dag.

Kommuneplanen	Vedtaksår	Vurdering
Arealdelen	2017	Rullert des 2017.
Samfunnsdelen	2007	Treng rullering
Kommunedelplanar/lovbestemt reglement	Vedtaksår	Vurdering
Kystsoneplan	2012	Treng rullering
Energi- og klimaplan	2010	Treng rullering
Beredskapsplan	2016	Tidsmessig god
Overordna ROS	2013	Under arbeid
Sektorovergripande arkivplan	1997	Treng ny plan
Plan Små vasskraftverk KS sak 31/15	2015	Tidsmessig god
Arkivsaksnr: 09/160 Løpenr: 15/7189		
Div reguleringplanar		Treng rullering
Kulturminne	2013	Tidsmessig god
Plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv:	2014	Tidsmessig god – tiltak
Områdereguleringssplan for Bjørkheimsområdet	2013	Treng rullering
Delegeringsreglement	2003	Må fornyast. Er under arbeid
Økonomireglement/finansreglementet	2002/2016	Treng fornyast/tidsmessig god
Politivedteker	2001	Treng evaluerast
Ordensreglement skulane i Samnanger	2013	Treng evaluerast
Tema-/Sektor-/Handlingsplanar/Reglement	Vedtaksår	Vurdering
Trafikksikringsplan	2017	Rullert des 2017.
Reglement vannskuter		Ikkje påbegynt
Klimaplan/klimabudsjett		Ikkje påbegynt
Personalvedteker	2011	Treng fornyast
IKT-reglement tilsette	2010	Treng fornyast
Rammeplan for kulturskulen	2016	Tidsmessig god
Strategisk plan for folkehelse	2012	Bør reviderast
Bustadpolitisk handlingsplan	2008	Må vurderast om me treng denne type plan.
Handlingsplan 2008-2011 for vaksne personar med nedsett funksjonsevne	2008	Treng ny plan
Helse- og omsorgsplan/ plan for eldreomsorga	2008	Treng fornying
Kloakkrammeplan		Ny plan
Vassforsyning, reservelokalitet		pålagt ny plan innan 2018.
Kulturplan	2009	Treng fornying
Strategiplan for skule og barnehage	2016	
Lønspolitisk plan	2014	Treng fornying
Målbruksplan	1998	Treng fornying
Opplæringsplan tilsette/Kompetanseplan	2005	Treng revisjon
Psykiatriplan	2007	Må vurderast om me treng eigen plan
Ruspolitisk handlingsplan	2007	Treng fornying
Skulebruksplan	2009	Utgått, Ny plan ?
Smittevernplan	2015	Tidsmessig god

Lista ovanfor er ikkje utfyllande, og andre planar og reglement kan kome til og få høg prioritering.

Viser til kommunen si heimeside og oversikt over planar

(<https://www.samnanger.kommune.no/kommunal-organisasjon/planar-reglement-vedtekter-og-handboker/>)

Styringsgruppa bør få fullmakt til å legge til og endre vurderinga dersom det er behov for dette. Samfunnsdelen til kommuneplanen er no utgått og mange av tiltaka i planen er gjennomført. Denne bør difor få høgste prioritet i arbeidet med rulleringa.

Organisering

Styringsgruppa: Naturutvalet er kommunen sitt faste planutval, og også kommunal planstrategi har si forankring i plan- og bygningslova. I tidlegare planstrategi såg formannskapet det som naturleg å vera styringsgruppe, sidan arbeidet vil omhandla alle sektorane. Formannskapet bør i dette oppstartdokumentet ta stilling til kva organ som bør ha ansvar for utarbeiding av planstrategien.

Arbeidsgruppe: Det viktigaste i den innleiande fasen er å få ei avklaring på korleis eksisterande planar fungerer i dag. Vidare må det òg drøftast om det er område me manglar planar for, og til slutt få utarbeidd eit underlagsnotat som får fram dei utfordringane me står framfor. Det vert foreslått at leiarforum – dvs. alle einingsleiarane, sektorleiar/ass. rådmann og rådmann – vert arbeidsgruppe. Planleggjar kan stå for planarbeidet og er sekretær for arbeidet.

Framdriftsplan

Me legg opp til ein stram framdriftsplan for å koma i gong med rullering av kommuneplanen sin samfunnsdel så snart som mogleg

- Oppstart: 17. april 2018.
- Arbeidsgruppa jobbar: mai - september
- Dialog med regionale myndigheiter og nabokommunar: mai - september
- Formannskapet handsamar planstrategiframlegget: september 2018.
- Offentleg kunngjering min. 30 dagar før kommunestyret si handsaming: september – oktober.
- Kommunestyret vedtek planstrategien: november 2018